

KOMMISJONSAVGJERD

2019/EØS/13/42

av 12. august 2013

om grunnleggjande krav til radiokommunikasjonsutstyr som er meint for fartøy som ikkje er omfatta av SOLAS-konvensjonen, og som skal omfattast av det globale maritime nauds- og tryggleikssystemet (GMDSS)

[meld under nummeret K(2013) 5185]

(2013/638/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 1999/5/EF av 9. mars 1999 om radioutstyr og teleterminalutstyr og gjensidig godkjenning av utstyrets samsvar⁽¹⁾, særleg artikkel 3 nr. 3 bokstav e), og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Fleire medlemsstatar har gjennomført eller har sett seg føre å gjennomføre felles tryggleiksprinsipp og -reglar for radioutstyr på fartøy som ikkje er omfatta av Den internasjonale konvensjonen om tryggleik for menneskeliv til sjøs (hetter kalla «fartøy som ikkje er omfatta av SOLAS-konvensjonen»).
- 2) Harmoniseringa av radiotenester medverkar til sikrere fart for fartøy som ikkje er omfatta av SOLAS-konvensjonen, særleg i naudssituasjonar og under vanskelege vêrtilhøve.
- 3) Ved rundskriv 803 frå Sjøtryggleiksutvalet (MSC) om deltaking i Det globale maritime nauds- og tryggleikssystemet (GMDSS) for fartøy som ikkje er omfatta av SOLAS-konvensjonen, og resolusjon MSC.131(75) frå Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen (IMO), vert regjeringane oppmoda om å nytte retningslinjene for deltaking i GMDSS for fartøy som ikkje er omfatta av SOLAS-konvensjonen, og statane vert oppmoda innstendig om å krevje at visse element i GMDSS vert gjennomførde for radioutstyr som er meint for bruk om bord i alle fartøy.
- 4) I radioreglementet til Den internasjonale teleunionen (ITU) er det fastsett visse frekvensar som skal nyttast i GMDSS. Alt radioutstyr som nyttar desse frekvensane som er meinte for bruk i naudssituasjonar, bør vere

kompatibelt med den bruken som er fastsett for desse frekvensane, og bør gje ein rimeleg garanti for at det fungerer feilfritt i naudssituasjonar.

- 5) Det er naudsynt å presisere at kommisjonsvedtak 2004/71/EF av 4. september 2003 om grunnleggjande krav til radioutstyr som er meint for fartøy som ikkje er omfatta av SOLAS-konvensjonen, og som skal omfattast av det globale maritime nauds- og tryggleikssystemet (GMDSS)⁽²⁾ skal nyttast på GMDSS-utstyr til bruk på alle fartøy som ikkje er omfatta av SOLAS-konvensjonen, og som ikkje er omfatta av rådsdirektiv 96/98/EF av 20. desember 1996 om skipsutstyr⁽³⁾.
- 6) Gjennomføringa av krava som skal oppfyllest av GMDSS-utstyr som er meint for fartøy som ikkje er omfatta av SOLAS-konvensjonen, bør vere einsarta i alle medlemsstatar og i samsvar med relevante IMO-retningslinjer.
- 7) Ettersom det må gjerast ei rekkje endringar i vedtak 2004/71/EF, bør dette vedtaket bytast ut av omsyn til klarleiken.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for samsvars vurdering og overvaking av telekommunikasjonsmarknaden —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Denne avgjerda skal nyttast på alt radioutstyr som ikkje høyrer inn under verkeområdet for direktiv 96/98/EF, og som er meint for bruk på alle fartøy som ikkje er omfatta av Den internasjonale konvensjonen om tryggleik for menneskeliv til sjøs (SOLAS) (heretter kalla «fartøy som ikkje er omfatta av SOLAS-konvensjonen»), som skal omfattast av det globale maritime nauds- og tryggleikssystemet slik det er fastsett i kapittel IV i SOLAS-konvensjonen, og som gjeld innanfor ei av dei følgjande tenestene:

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 296 av 7.11.2013, s. 22, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 222/2014 av 24. oktober 2014 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 52 av 3.9.2015, s. 24.

(¹) TEF L 91 av 7.4.1999, s. 10.

(²) TEU L 16 av 23.1.2004, s. 54.

(³) TEF L 46 av 17.2.1997, s. 25.

- a) den maritime mobiltenesta slik det er definert i artikkel 1.28 i radioreglementet til Den internasjonale teleunionen (ITU),
- b) den maritime satellittbaserte mobiltenesta slik det er definert i artikkel 1.29 i radioreglementet til ITU.

Artikkel 2

Med atterhald for europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/45/EF⁽¹⁾ skal radioutstyr vere konstruert på ein slik måte at det fungerer feilfritt når det vert utsett for eit havmiljø, og det skal oppfylle alle driftskrav innanfor GMDSS som gjeld for fartøy som ikkje er omfatta av SOLAS-konvensjonen, i samsvar med dei relevante føresegnene til Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen, og gjere det mogleg med ein tydeleg og stabil kommunikasjon med høg pålitsgrad for analogt eller digitalt kommunikasjonssamband.

Artikkel 3

Vedtak 2004/71/EF vert oppheva.

Artikkel 4

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 12. august 2013.

For Kommisjonen

Antonio TAJANI

Visepresident

⁽¹⁾ TEU L 163 av 25.6.2009, s. 1.